

2011/4961-10

BLIL / 28.03.2012

Tilsyn med medisinsk strålebruk i Helse Bergen HF

Ei utgreiing frå Helse Bergen i samband med tilsyn frå Statens strålevern 15.-17. nov 2011 og 6. mars 2012

Statens strålevern gjennomførte tilsyn med medisinsk strålebruk i Helse Bergen HF 15. – 17. november 2011. Tilsynet blei varsla i brev av 20.09.2011 med heimel i § 54 i Strålevernforskrifta og omfatta fagområda røntgen, MR og stråleterapi.

På grunn av ein intern kommunikasjonssvikt møtte ikkje representant for Føretaksleiinga til opningsmøte og til avtalt intervju. Ifølgje Strålevernet fekk dei difor unødige utfordringar med å gjennomføre tilsynet i høve til planen, og dette blei påtalt i eit eiga brev frå direktøren ved Statens strålevern, datert 09.01.2012, samt i tilsynsrapporten, datert 27.01.12.. Helse Bergen har beklaga dette og skjerp sine interne rutinar, jf. brev frå Adm. Direktør 30.01.2012.

Strålevernet varsla i brev av 15.02.12 eit oppfølgingstilsyn innan fagområdet stråleterapi. Tilsynet blei gjennomført 6. mars 2012, der det mellom anna blei halde møter med Adm. Direktør og leiinga ved Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk. Statens strålevern var svært godt nøgd med tilrettelegginga og gjennomføringa av dette tilsynet frå Helse Bergen si side.

Rapporten frå tilsynet i november 2011 inneheld 15 avvik og 10 merknader. Strålevernet ber her om at Helse Bergen innan 13. mars 2012 utarbeider ein framdriftsplan for oppretting av avvika. Helse Bergen har utarbeidd ein handlingsplan med oversikt over ansvar og forslag til tidsfristar for gjennomføring av dei einskilde tiltaka som er beskrivne i planen. Handlingsplanen blei sendt til Statens strålevern 12.03.2012. Helse Bergen HF har allereie starta arbeidet med å lukke avvika.

Den føreliggjande tilsynsrapporten kan ved første augnekast virke svært omfattande med urovekkjande mange avvik og merknader. På sluttmøtet 17.11.2011 blei det presisert frå revisorane frå Statens strålevern at dei hadde valt å gi mange «små», spesifikke avvik som kan vere enkle å lukke. Helse Bergen HF tek alle avvika alvorleg og vi vil arbeide målmedvitne og systematisk for å lukke dei.


Dei fleste tilhøva som vert påpeikt i rapporten er formalkrav som dreier seg om korleis regelverket skal forståast, implementerast og dokumenterast. Helse Bergen ynskjer å gje følgjande kommentarar til nokre av dei påpeikte tilhøva:

Kommentarar til nokre av avvika

- *Avvik nr. 2: Merking:* Helse Bergen HF har klare krav til merking av områder der det vert brukt ioniserande stråling, og dei fleste områda er merka etter desse krava. Avviket syner at det er ein ulik forståing av krava i strålevernsforskriften, og dette må avklarast med Statens strålevern før all merking vert gjennomgått på nytt.
- *Avvik nr. 3: Representative doser:* Helse Bergen HF har etablert verdjar for representative doser for mange røntgenundersøkingar, og arbeider med å etablere slike verdjar for alle dei vanlegaste undersøkingane. Dei verdiane som er etablerte gir eit godt bilete av kor vi ligg i høve til nasjonale referanseverdjar, som vert brukte for å optimalisera arbeidet. Helse Bergen manglar likevel ein systematisk oppfølging av dei representative dosane, noko som vert påpeikt i avviket.
- *Avvik nr. 13: Medisinsk kompetanse:* Strålevernsforskriften sett formelt krav om spesialistgodkjenning i onkologi ved slik behandling. Helse Bergen har spesialistar i nevrokirurgi med lang erfaring og høg realkompetanse i behandling med Gammakniven. For å lukke avviket må Helse Bergen få dispensasjon frå strålevernsforskriften. Etter det vi forstår vil dette ikkje vere noko problem.
- *Avvik nr. 14 og nr. 16 Avviks- og hendelsesrapportering/ Systematisk avvikshåndtering:* Avviket gjeld stråleterapi, kor regelverket krev eit eige register for avvikshandsaming. Avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk har prosedyrar for avviks- og hendingsrapportering. Avviket blei gitt fordi systematikk og prosedyrar ikkje blei funne gode nok, spesielt når det gjeld vidare rapportering til føretakets generelle avvikssystem «Synergi», eller til Statens strålevern.

Helse Bergen HF ventar no på tilbakemelding frå Statens strålevern med ein godkjenning av handlingsplanen. Det er grunn til å tru at handlingsplanen ikkje må endrast nemneverdig.

Med venleg helsing:



Stener Kvinnsland
Administrerende direktør